

# BOKN KOMMUNE

## FORMANNSKAPET

### MØTEINNKALLING

**Møtedato:** 16.06.2015

**Møtestad:** Boknatun

**Møtetid:** Kl. 18:00

Den som har lovleg forfall, eller er uggild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærmere innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhalDET i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

**Bokn kommune**

10. juni 2015

Kyrre Lindanger  
ordførar

---

Jan Erik Nygaard  
sekretær

## **Sakliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
043/15	Gnr. 9 bnr. 15 mfl. - Bokn kommune - ny fleir brukshall - fullmakt til å teikne kontrakt

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.06.2015	043/15	BJL

Saksansv.: Bjørn Løvland	Arkiv: GBR-9/52	Arkivsaknr 14/122
--------------------------	-----------------	----------------------

### Gnr. 9 bnr. 15 mfl. - Bokn kommune - ny flerbrukskall - fullmakt til å teikne kontrakt

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	25.02.2014	Arne Tveit	Bokn flerbrukskall - 1. skisser for planløysing
2	I	10.04.2014	Eileen P Selland	SV: Planforslag. Reguleringsplan for Føresvik sør - Bokn kommune
4	I	16.05.2014	Kyrre Lindanger	VS: Flerbrukskall og Bokn OppNed
5	I	16.05.2014	Trond Vatnaland Bokn idrettslag	VS: Flerbrukskall , innspel frå idrettslag
6	I	19.05.2014	Trond Vatnaland Bokn idrettslag	Innspel frå Bokn idrettslag
7	I	25.06.2014	Helge Seglem	Bokn flerbrukskall
8	I	09.10.2014	Bokn Pistolklubb	Romprogram i flerbrukskallen.
9	I	24.10.2014	Bokn Røde Kors	Innspill. Romprogram i flerbrukskall.
10	U	07.11.2014	Bokn Kommune teknisk etat	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for flerbrukskall
18	I	11.12.2014	Arkitektkontoret Brekke Helgeland Brekke	Oppdaterte teikningar.
23	U	13.03.2015		Gnr. 11 bnr. 185 - Bokn kommune - søknad frå Alliance Invest Bokn AS om kjøp av tomt til djupvasskai
25	I	16.03.2015	Statens Vegvesen	Svar- Bokn kommune - Fv. 890 - Forslag midlertidig veg.
26	I	17.03.2015	Arne Tveit	Bokn flerbrukskall reviderte teikningar som grunnlag for informasjon til kommunestyret
27	I	08.04.2015	bjorn.lovland@bokn.kommune.no,	17.03.2015 Protokoll for innleige av maskin med førar
30	I	28.04.2015	Rune Vatnaland	Søknadsplikt - midlertidige veier

34	U	12.05.2015	ruvatn@online.no,	Svar på spørsmål om søknadsplikt - midlertidige veier
35	I	20.05.2015	Linda Gundersen	VS: Arbeidsvarslingsplan
36	I	21.05.2015	Statens Vegvesen	Svar på søknad om graveløyve - Legging av røyr -Fv.892

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Kommuneloven

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å inngå kontrakt med totalentreprenør for fleir brukshallen innanfor ei total kostnadsramme på kr. 38 mill.  
I denne kostnadsramma ligg allereie medgåtte og rekneskapsførte kostnader pr. 10.06.2015, inkl. kostnader til erverv av eigedomar og byggemodning av tomta.

## **Kva saka gjeld:**

Prosjektet bygging av ny fleirbrukskall har vore lyst ut på totalentreprise med anbodsfrist 08.06.2015. Avklaring av kva firma som skal tildelast oppdraget og naudsynte forhandlingar knytt til dette, vil ta nokre veker, og det vert teke sikte på å teikne kontrakt med totalentreprenøren ca. 10.07.2015.

Det er derfor mest praktisk at rådmannen får fullmakt til å teikne kontrakt.

## **Bakgrunn for saka:**

Grunnlaget for arbeidet som er gjort med omsyn til utarbeiding av reguleringsplan og planar for ny fleirbrukskall, ligg i to vedtak i kommunestyret:

### Kommunestyrevedtak i sak 008/12 14.02.2012:

1. *Bokn kommunestyre vedtar at ein i kommuneplanen set av areal til offentleg formål for bygging av fleirbrukskall/barnehage i området "Tresnippet" i Føresvik og vurderer øvrig vegstruktur i området.*
2. *I denne samanhengen må ein vurdera ei omlegging av Føresvikvegen austover*
3. *Kommunestyret vil be administrasjonen setja i verk nødvendig planarbeid/konsekvensutgreiing.*
4. *Kommunestyret vil be formannskapet om å oppretta eit planutval for bygging, drift og finansiering av fleirbrukskall/barnehage.*
5. *Saka skal leggast fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.*
6. *Med utgangspunkt i nåverande skulebygg, og skulenens arealbehov, vil kommunestyret be formannskapet legga fram ei sak om ombygging/utbygging av Bokn skule.*
7. *Kommunestyret vil be formannskapet om å legga fram ei sak om utbygging av ei ny avdeling i Bokn barnehage.*
8. *Det legges inn i planen ein ny veg på sørsida av gnr. 9/2 til framtidig bustadområde vest for skulen og som veg til skule/Boknatun*
9. *Bokn kommunestyre vedtek å setja av kr. 1.000.000,- til arbeid med utgreiinga. Midlene vert dekka gjennom bruk av disposisjonsfond. Løyvingar ut over dette skal gjerast av kommunestyret ved framlegging av ein samla plan for investering og finansiering av utbyggingane.*

### Kommunestyrevedtak i sak 011/12 17.04.2012

*Planutvalet sitt mandat er å utarbeida eit forprosjekt for bygging av fleirbrukskall lokalisert til området "Tresnippet" i Føresvik. Forprosjektet må kunna nyttast som grunnlag for søknad om spelemidlar, finansiering og innhenting av tilbod. Vidare har planutvalet som mandat å følgja opp administrasjonen sitt arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for området og utlegging av området til offentleg føremål i kommuneplanen. Reguleringsplanen må omhandla framtidig vegstruktur i området i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.*

## **Saksutgreiing:**

Planutvalet har i samsvar med mandatet som ligg i kommunestyret sine vedtak, laga reguleringsplan for området. Planframleggget vart endeleg godkjent av Forvaltningsstyret i

møte 03.06.2015 og er sendt over til kommunestyret for eigengodkjenning.

Parallelt med reguleringsarbeidet, har planutvalet fått laga eit forprosjekt for hallen, og anbodsdocument for ein totalentreprise.

Det er nytt konsulentar til utarbeiding av reguleringsplan, forprosjekt og anbodsdocument.

Totalentrepisen vart lagt ut på Doffin 19.05.2015, og anbodsfristen vart sett til 08.06.2015. Innan fristen kom det inn i alt 9 anbod, men det krev noko tid å evaluere desse, evt. gjennomføre avklarings-/forhandlingsmøter med dei mest aktuelle anbydarane før totalentreprenør kan veljast.

Den førebels kalkylen, kr. 39 mill. (eks. eigedomskjøp, finansieringskostnader, prisstigning og omlegging av fylkesveg), låg til grunn for kommunen sitt budsjettvedtak knytt til bygging av hallen.

Denne kalkylen ligg også til grunn for kommunen sin søknad om tilskot frå fylkeskommunen for delfinansiering av bygget.

Regional- og kulturutvalet i fylkeskommunen har i møte 28.05.2015 godkjent ein søknadssum på kr. 11 mill, med utbetaling av kr. 2,5 mill i 2015. Det er signalisert frå fylkeskommunen at det også kan påreknes tilskot til andre tiltak knytt til hallen (amfi, livssynsnøytralt rom etc.), slik at det totalt kan reknas med kr. 12 mill i tilskot.

I tillegg til kalkylen er det laga eit førebels driftsbudsjett for hallen som viser ei årleg netto driftskostnad på ca. kr. 1,1 mill. Dette er basert på rekneskapstal for fleir brukshallen på Kvitsøy, og det knyter seg derfor usikkerheit til dette budsjettet.

Den førebels framdriftsplanen legg opp til ei ferdigstilling av hallen hausten 2016, slik at driftsutgiftene berre får verknad for siste del av 2016.

Sikrare driftsbudsjett må lagast knytt til budsjettet for 2017.

Tomta der fleir brukshallen er planlagt, var ikkje gjort klar for bygging.

Mellan anna sto det eit bygg på den eine eigedomen kommunen erverva, og det var ein del leidningar i grunnen som måtte leggjast om.

I tillegg måtte den mellombels flyttinga av Føresvikvegen gjerast.

Av omsyn til framdrifta, gjorde derfor formannskapet fylgjande vedtak i sak 018/15:

*Rådmannen får fullmakt til så snart det let seg gjera å setja i gong fylgjande førebuande arbeid som vedkjem bygging av fleir brukshall:*

1. Riving av hus på gnr. 9 bnr. 15.
2. Flytting av vass og avlaupsleidningar samt kablar for elektrisitet, telefon, internett og anna.
3. Utgraving og planering av tomt.
4. Bygging av midlertidig veg.
5. Anna arbeid som er naudsynt for å førebu bygging av fleir brukshallen.

*Kostnaden blir å henta frå budsjett avsett til bygging av fleir brukshall.*

På bakgrunn av denne fullmakta gjorde forvalningsstyret fylgjande vedtak i sak 11/15:

1. Forvalningsstyret gir administrasjonen fullmakt til å godkjenne rivingssøknad for bygg på gnr. 9 bnr. 15.

2. *Forvalningsstyret godkjenner naudsynt omlegging av VA-leidningar og bekk som er lagt i røyr.*
3. *Forvalningsstyret gir administrasjonen fullmakt til å godkjenne planering av tomt for fleirbruksbygningen, - herunder å gi naudsynt dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel, -etter søknad fra arkitekten for bygget.*
4. *Med etterhånd om godkjenning fra Statens vegvesen, godkjenner forvalningsstyret mellombels omlegging av Føresvikvegen (anleggsveg)*  
*Forvalningsstyret gir administrasjonen tillatelse til omlegging av vegen, men anmoder administrasjonen om å tilstrebe å legge vegen i trase hvor ønsket regulert veg er planlagt.*

Riving av bygget på gnr. 9 bnr. 15 vart godkjent på fullmakt som sak 072/15.

Planering av tomta vart godkjent på fullmakt som sak 097/15.

Føresvikvegen er mellombels lagt om etter godkjenning fra Statens vegvesen.

Manglande opplysninger om plassering av leidningar som låg over tomta gjorde det vanskeleg å lage anbodsdokument for grunnarbeidet.

For å redusere den usikkerheit som dette inneber, og også av omsyn til tidsbruken, vart det bestemt å gjere denne del av arbeidet, -inkl. mellombels omlegging av veg, - i eigen regi, men med innleige av maskin med førar.

Innleige vart gjort etter å ha henta inn konkurrerande prisar på dette, og lågaste pris vart valt.

Anbodsdokumenta for totalentreprisen gjeld ut frå dette eit reint bygg med ferdig opparbeid uteareal plassert på ei planert tomt.

Basert på dei anbodsprisane som ligg føre (som ikkje er endeleg evaluert og kontrollert) vil det vera mogeleg å gjennomføre prosjektet innafor ei kostnadsramme på kr. 38 mill. inkludert kostnader til eigedomskjøp og mellombels omlegging av veg.

### **Vurdering:**

Slik det er gjort greie for ovanfor, har kommunestyret tidlegare vedteke eit budsjett for bygging av hallen på kr. 39 mill.

Kalkulen som låg til grunn for dette budsjettet hadde ikkje med eigedomskjøp, finansieringskostnader, prisstigning og omlegging av fylkesveg.

Ut frå dei førebels vurderingane av dei anbodsprisane som ligg føre, vil prosjektet kunne gjennomførast innafor ei kostnadsramme på kr. 38 mill. I denne kostnadsramma ligg eigedomskjøp med kr. 3,5 mill. og rekneskapsførte kostnader med prosjektet, inkl. ferdig planering av tomt samt mellombels omlegging av veg og omlegging VA-leidningar.

Store deler av dette arbeidet måtte gjerast for å byggemodne arealet, uavhengig om det vart ført opp hall eller eit anna bygg på tomta.

Rådmannen ber derfor om fullmakt til å inngå kontrakt med den totalentreprenøren som har det mest gunstige økonomiske tilbodet innafor ei total kostnadsramme på kr. 38 mill.

I denne kostnadsramma ligg og medgårte og rekneskapsførte kostnader pr. 10.06.2015

